

N 120 ¹ Brudesong

Tone: O helligaand kom til os ned

O store Gud du visdoms djup
Du skapar til da minsta *krjup*
Aa til alt stort i verdi
Du so hev alt aa alle kjær
So vore hev aa endaa er
Den sikre los paa ferdi
Du var den far *magti* eigde
fram du leidde bruden Eva
Adam skull med henne leva.

Aa sidan hev du allmagts Gud
Leidt fram so mang ei signa brud
Kvar ægtemann deg lova
Da er so rart med deg o far
Du alti raad aa midlar har
Du faar det til aa høva
Den seg med deg vil raadføra
Tru aa høyra, Signing raaka
Live her med hugna *staaka*.

Sjaa upp aa ned som bylgja gjeng
Er livet her, so at me treng
Guds hjelp i sanning alle.
Eg tenkje paa kor vart det daa
Naar sjølve me skull styra raa
Det vat vel noko *skralle*.
Nei daa me maa aldrig meina
Me aaleina os kan klara
Gud er den so maa bevara.

For kvar ein mann for kvar ei brud
er best aa halda seg til Gud.
Alt med sit heile hjarta
Ein kan no synast stor aa sterk
Aa være gjev til ymse værk.
Aa hart i selen farta
Men sjaa me paa liv aa lagna,
Daa me tagna, Lite seia
De so vesalt me kan greia.

Me heve røynt baa du aa eg
Vorherre stelle undarleg
Han gjeng no sine vegar
I alt me kan hans godheit sjaa
Hans visdom aa hans rika raa
Aa aldrig det han tregar
De no vist so Gud faar stella
Auka fella, *braude* skjæra
Kunne me fornøgde være.

O kjære Gud med alle vær
Med Ægtefolk aa born især
Gjev kjærleik fred aa hyggja
Aa naar du kjære herre ser
At det med nokn gla bær
Daa maa du disse tryggja.
Aa ska dei dra, Dine kjære
Krossen bære, maa du være
Med aa byra med dei bæra,

Den stora sanning rein aa klaar
At utan Gud det illa gaar
Med baate smaa aa store
Eit folk som har sin lit i Gud
Dei magta alltid halda ut
Korleis det ein er vore.
Lat saa Gud raa, allesaman
Seigja amen Til hans yrkje
Aa i Gud ha all vor styrkje